

Hallo i nedslagsfeltet!

Då var året i Valdres plutseleg ferdig, skal sei det har gått fort. Alt for fort!
Og spesielt dei siste vekene flaug av stad som berre det!

Sidan sist har vi ikkje funne på så veldig mange aktivitetar, sidan det har gått mest i pakking, vasking, årbokskriving og slike ting som står på agendaen mot slutten av året. Men eit par godbitar har det sjølvsagt vorte. Blant anna hadde vi ein dag der klassa skulle øve seg på å droppe på ski (hoppe ned frå steinar og skrentar). Ein nydeleg dag der alt låg til rette for at eg skulle klare å pushe meg sjølv til å bli tøffare. Men sjølv om eg, etter laaaaaangt om lenge, turte å droppe der eg hadde planar om, innsåg eg at eg berre har vorte meir om meir pinglete siste åra. Og det ville eg sjølvsagt ikkje ha noko av.



Fire dagar seinare bestemte eg meg difor for å stappe slalomsko, hjelm, klede og mat oppi sekken, og feste skia på utsida av den. Eg skulle ta grep, overvinne sperra og bli ein fryktlaus droppar! Så tok eg beina fatt og byrja å gå til den staden der vi hadde vore med klassa. Først brukte eg tre timar på den lange bakken opp, men då eg skulle finne knausen vi hadde vore på med klassa klarte eg rett og slett ikkje å finne fram. Dei siste dagane hadde det snødd ein god del, så alle spora var vekk. Og det faktum at eg er latterleg dårleg til å navigere gjorde ikkje saken lettare. Etter fleire timars leiting i området måtte eg berre innsjå at det byrja å bli mørkt, og at eg måtte gå heile vegen

tilbake. Vil ikkje påstå at eg var spesielt nøgd etter å ha vandra i over 6 timar åleine, utan å finne fram....



Litt irritert...

Heldigvis fekk eg prøve noko kjekt allereie neste dag. Då rappellerte klassa ned frå loftet på det største internatet. Kjempestas!



På veg ned frå 4.etasje på internatet.

Det var dessverre den siste aktiviteten vi gjorde saman som klasse. Og dei aller siste dagane brukte vi berre på avslutningsfest for familien, der eg fekk besøk av mamma, pappa, Emma og Sophia, og internavslutning for oss elevane. Så plutselig var siste dagen komen, noko som førte til ein ganske så trist og tårevåt avskjed. Veldig rart å skulle skiljast så brått frå alle dei menneska ein har levd med i eit år.



Ein skikkelig flott klasse!

Før eg byrja på folkehøgskule hadde eg aldri sett føre meg at dette året i Valdres skulle kome til å sette så store spor. Eg veit at omtrent alle som har vore på folkehøgskule påstår at det var deira beste år, men det er faktisk veldig sant. Det gjer verkeleg noko med deg! Det å bu så tett på andre menneske eit heilt år, dele fantastiske naturopplevingar, seine kveldar, artige påfunn og uforgløyemelege turar både i nærområdet og til utlandet har gitt meg så utruleg mange fine minne. Og for meg personleg kan eg vel påstå at dette året har fått meg til å miste litt hemningar og gjort meg enda meir barnsleg. For på folkehøgskule er det rom for å vere seg sjølv fullt og heilt, og er du litt snål og rar så er det rett og slett berre bra!

Når eg ser tilbake på året vert eg rett og slett blank i augene, og eg er utruleg heldig som har fått oppleve så mange flotte ting. Og lista er lang; Jotunheimen til alle årstider, klatring, downhill, kiting, brevandring, toppturar med mjukt pudder, milelange skiløyper i Alpane og mykje, mykje meir. Og dette er berre på det fysiske plan! For dei sosiale opplevingane har gitt meg minst like mykje glede. Gode samtalar, omsorg, kakebaking, godarta pøbelstrekar og ekstremt mykje latter var alltid kvardagskost.

Men det som verkeleg har "tatt kaka" dette året var turen til Nepal og Himalaya! Kort oppsummert var det ein tur som dreia seg om rå natur, presse seg sjølv, mestringskjensle, og som ga meg ei oppskrift i korleis samhald i ei gruppe verkeleg kunne utrette store ting. Vi klarte kanskje ikkje å *flytte* fjell, men saman hjelpte vi kvarandre til å bestige fjell. Sjølv om veldig mykje gjekk i mot oss på turen opp til Everest Base Camp.



Høgdepunktet i år!

No er eg vel heime att, og i desse dagar går det stort sett berre i jobbing på gartneriet og fotballtrening og fotballkampar. Førre veke spelte vi mot Spjelkavik, men det kampen enda dessverre med 3-0 tap. På onsdag skal vi snu den trenden, då skal Brattvåg knusast på heimebane :)

Men tapet mot Spjelkavik på torsdag vart raskt gløymt då eg fredag fekk beskjed om at eg hadde kome inn på medisin i Oslo, før eg neste år reiser til Slovakia eller Ungarn for å ta dei siste fem åra. Og ikkje nok med det! Og fekk også beskjed om at eg og fem venner har fått leige eit heilt hus i Oslo med direkte utgang til Nordmarka. Då slepp eg heldigvis å bo midt i byen, noko som kunne blitt ein litt for stor overgang frå stille og rolege Velledalen.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til 6,1.

-Christina